

## Legland avgjorde med dobbeltrøyst i debuten

08.11.2007



Elin Legland hadde ein spesiell debut i ein politisk komite. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I det aller første politiske komitemøte ho deltok i, avgjorde uskedelingen Elin Legland (Sp) ei sak med dobbeltrøysta si.**

Det skjedde då forvaltningskomiteen skulle handsama ein søknad frå Karsten Kaldestad om å få byggja tre nye naust i Prestneståa.

Komiteleiar Einar Saghaug frå Innbyggjarpartiet var ugild og dermed måtte nestleiar Legland overta leiinga av møtet. Og etter ein lang debatt vart det ho som avgjorde – med dobbeltrøysta - fordi fire sa ja og fire nei. Kaldestad får byggja nausta.